

Reglement for fylkesutvalet

Fylkesutvalet er oppretta med heimel i kommunelova § 5-6. Fylkesutvalet har det daglege samordningsansvaret for planlegging og økonomiforvaltning innan fylkeskommunen sitt ansvarsområde, og ansvar for å leggje fram forslag til økonomiplan og årsbudsjett.

Fylkesutvalet har eit overordna ansvar for tverrsektorielle fag- og politikkområde som gjeld heile den fylkeskommunale verksemda.

Fylkesutvalet skal for å ivareta samfunnsutviklarrolla med mellom anna å sjå følgjande oppgåver i eit regionalt heilskapsperspektiv:

- Klima, miljø og berekraft.
- Internasjonalt arbeid.
- Folkehelse.
- Eigarskap.
- Regional planstrategi.
- Kommunale og statlege planar.
- Tannhelse.

1. Samansetjing

Fylkesutvalet har 17 medlemmer med varamedlemmer, valde i samsvar med kommunelova kap.7. Alle medlemmene, med unntak av fylkesordførar og fylkesvaraordførarar skal og vera medlem i eit hovudutval.

Fylkesutvalet er oppretta for den fylkeskommunale valperioden.

2. Oppgåver

2.1. Saker der utvalet tek avgjerd

Enkelt saker som ikkje er lagt til andre organ på følgjande område:

2.1.1. Økonomi

Sjå eige delegeringsreglement for økonomiske saker.

Bygg- og eigedomsforvaltning

- sal og kjøp av eigedomar opp til eit beløp på 5 mill. kr
- sal og kjøp av aksjar innanfor ei ramme på 2 mill. kr. Salsutbyttet vert å setja av til ubundne fond.
Rammene gjeld for det enkelte kjøpet/salet.
- fastsetjing av satsar for utleige av fylkeskommunale skulebygg etter innstilling frå hovudutval for opplæring og kompetanse.
- inngå avtaler om leige og utleige av fast eigedom, som er av langsiktig (10 år eller meir) eller vesentleg (2 mill. i årleg leige) verdi.

Utrangering, riving av bygning o.l.

- utrangering av bygningar
- alternativ bruk/utleige av utrangerte bygg
- riving av bygg

2.1.2. Personalforvaltning

- godkjenning av tingingar/drøftingar for fylkesrådmannen
- tilsetjing av fylkesrådmannen sin faste avløysar og fastsetjing av løn til vedkomande

2.1.3. Gjeremål fastsett i særlov

Sjå eige reglement om delegering etter særlov og delegering frå staten til fylkesutvalet.

2.1.4. Utanrettslege pengekrav

Betaling av pengekrav, inkludert erstatning, og ettergjeving av fylkeskommunale krav i enkeltsaker for beløp over kr 1 000 000,-.

2.1.5 Oppnemning til generalforsamlingar/årsmøte/styrande organ i selskap, stiftingar o.l.

Fylkesordførar eller fylkesvaraordførar møter for fylkeskommunen på årsmøte og generalforsamlingar. Fylkesordføraren har likevel mynde til å gi andre fullmakt til å representera fylkeskommunen i generalforsamlingar/årsmøte. Dette gjeld også for aksjeselskap der fylkeskommunen er einaste aksjonær.

Oppnemning av representantar til styrande organ i selskap, stiftingar o.l. når avgjerda ikkje kan venta til fylkestinget er samla.

2.1.6. Andre oppgåver

Fylkesutvalet tek avgjerd i saker som ikkje ved lov, forskrift eller delegeringsvedtak er lagt til anna organ.

2.2. Saker der utvalet gjev tilråding

Fylkesutvalet gjev innstilling i alle saker som fylkestinget skal avgjera, med unntak saker der valnemnda innstiller, saker som gjeld lovlegkontroll og saker frå kontrollutvalet.

2.3. Mynde som underinstans

Fylkesutvalet er underinstans ved klage på vedtak gjort i medhald av delegering frå statleg organ når statleg organ er klageinstans.

3. Avgjerd i hastesaker

Fylkesutvalet har mynde til å ta avgjerd i saker som skulle vore avgjort av fylkestinget, når det er naudsynt å treffa vedtak så raskt at det ikkje er tid til å innkalla dette, jfr. kommunelova § 11-8.

4. Fullmakt til fylkesordføraren

I dei sommarvekene fylkesutvalet ikkje har møte, har fylkesordføraren fullmakt til å gjera vedtak på vegner av fylkesutvalet i saker som ikkje er av prinsipiell rekkevidd, jfr. kommunelova § 6-1.

Melding om vedtak gjort etter slik fullmakt vert å leggja fram for fylkesutvalet i første møte etter ferien.

5. Reglar for saksbehandling

For fylkesutvalet gjeld Reglement for saksbehandling.